



| | | | |
|-------------------|---------------------|----------------|-----------------|
| Utval: | Eidfjord Fjellstyre | Saksnr: | 15/013 - 15/015 |
| Møtestad: | Kommunehuset | | |
| Møtedato: | 17.08.2015 | | |
| Tidspunkt: | Kl 18:00 - 19:00 | | |

Følgjande medlemer møtte:

Riber, Vidar

Medhus, Knut Johan

Myrvang, Aslak

Eidnes, Lars Kristian

Opedal, Dagny

Parti

EH

EH

ESP

Følgjande medlemer møtte ikkje:

Hovland, Kari Tveit

Parti

EAP

Merknader til innkalling:

Ingen merknader.

Underskrifter:

Me stadfestar med våre underskrifter at møteboka er ført i samsvar med det som vart vedteke på møtet.

Eidfjord, 11.04.2016

Lars Kristian Eidnes
medlem

Aslak Myrvang
medlem

SAKLISTE:

| Sak nr. | Sakstittel |
|----------------|--|
| 15/013 | Uttale til søknad om restaurering av steinbu |
| 15/014 | Rypejakt i område 1, vurdering av tiltak |
| 15/015 | Fornya beiteleige |

15/013: Uttale til søknad om restaurering av steinbu

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Eidfjord fjellstyre er positiv til prinsippet om å gjera den avgiftsfrie steinbua knytt til eigedomane gnr. 8 bnr. 8 og gnr. 5 bnr. 96 i Eidfjord meir buande. Fjellstyret vil tilrå ei løysing der taket kan løftast på murane for å gje ståhøgde ute ved murane, detaljutforming må handsamast i byggjesaka.

17.08.2015 Eidfjord Fjellstyre

Handsaming:

Det vart sett fram slik framlegg til endring:

2. setning skal lyde;

Fjellstyret vil tilrå ei løysing som tillet å drenera golvet og at taket kan løftast på murane for å gje ståhøgde ute med murane.

Røysting

Samrøystes vedteke.

EFS- 15/013Vedtak:

Eidfjord fjellstyre er positiv til prinsippet om å gjera den avgiftsfrie steinbua knytt til eigedomane gnr. 8 bnr. 8 og gnr. 5 bnr. 96 i Eidfjord meir buande. Fjellstyret vil tilrå ei løysing som tillet å drenera golvet og at taket kan løftast på murane for å gje ståhøgde ute med murane.

15/014: Rypejakt i område 1, vurdering av tiltak

Framlegg til vedtak:

Fjellstyret oppmodar jegerane til ikkje å jakte rype og gir tilbod om å betala tilbake kortet mot at dette vert returnert.

17.08.2015 Eidfjord Fjellstyre

Handsaming:

Røysting:

Samrøystes vedteke.

EFS- 15/014Vedtak:

Fjellstyret oppmodar jegerane til ikkje å jakte rype og gir tilbod om å betala tilbake kortet mot at dette vert returnert.

15/015: Forna beiteleige

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Vert lagt fram utan framlegg til vedtak

17.08.2015 Eidfjord Fjellstyre

Handsaming:

EFS- 15/015Vedtak:

Saka vart diskutert i møte.